

Avtale om handtering av fallvilt og ettersøk av skada hjortevilt

1. Avtalepartar

Felles landbrukskontor for Austrheim,

Fedje og Radøy

v/ Kristine S. Born

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Tlf: 56349068, 95965943

Oppdragstakar.....

Adresse.....

Postnr og poststad.....

Tlf: arb..... privat.....

e-post.....

2. Avtalens omfang

Oppdragstakar skal saman med resten av ettersøkslaget ha det praktiske ansvaret for ettersøk av skada hjortevilt utanom ordinær jakt, samt handtering av fallvilt av same arter etter det ansvar som kommunen har etter viltlovens § 48.

3. Avtalens varigheit

Avtalen gjelder for en periode på 3 år med verknad frå 01.09.2015 Avtalen vert forlenga automatisk for 3 nye år om gangen dersom ikkje ein av partane seier den opp innan ein frist på 3 månader.

4. Økonomi, forsikring, ansvar

Oppdragstakar beheld verdien av kjøtet som godtgjering for arbeidet. Er kjøtet verdiløst får oppdragstakar ei godtgjersle på kroner 1500 pluss køyregodtgjersle etter standard satsar. Oppdragsgjevar er utan ansvar for skadar som under arbeidet måtte bli påført oppdragstakars utstyr, personell som deltek i arbeidet eller skadar som under arbeidet vert påført tredjeperson. Oppdragstakar er sjølv ansvarleg for å teikne dei forsikringar som er naudsynt.

5. Oppdragstakar skal

- A. Ha ansvar for å ivareta skada hjortevilt. Avtalen gjeld ikkje vilt som er skadeskote ved lovleg jakt. Dette skal være dekket av egne ettersøksavtaler. Dei som utgjør ettersøkslaget, må utarbeide rutinar og ansvarsdeling i førehald til praktisk gjennomføring (vaktliste osv).
- B. Ha beredskap og vere i stand til å rykkje ut i forbindelse med skada hjortevilt 24 timer i døgnet heile året. Oppdragstakar skal syta for ein beredskap slik at det ikkje i meir enn 10% av tilfella tek meir enn en time frå melding om skada/påkøyrt vilt til frammøte på staden
- C. Til einkvar tid ha hund(ar) som er godkjende for ettersøk av elg, hjort og rådyr.
- D. Føre rapport på skjema utarbeidet av oppdragsgjevar over kvart skadetilfelle. Rapportane skal innehalde oversikt over utrykkingar, fallvilt, tidsbruk osv. Rapportane leverast snarast mogleg til oppdragsgjevar.
- E. Følgje dei til einkvar tid gjeldande lover, forskrifter og regler for denne type arbeid, inkludert regler for kjøtkontroll.
- F. Syte for destruksjon av skada dyr (heile eller deler) som ikkje kan nyttast.

G. Alltid ha med seg legitimasjon.

6. Oppdragsgjevar skal

- A. Utarbeide rapporteringsskjema.
- B. Informere om ordninga til politi/lensmann, jernbanelover, bensinstasjonar og liknande og informere disse om kven som er med i ettersøkslaget.
- C. Rapportere om irregulær avgang til Statistisk Sentralbyrå.
- D. Eventuelt stille allereie innkjøpt utstyr til disposisjon for oppdragstakar etter nærare avtale.
- E. Informere oppdragstakar ved endring av lover/forskrifter som gjeld arbeidsoppgåvene.

7. Andre oppdrag

Dersom oppdragstakar skal ta på seg oppgåver for oppdragsgjevar som fell utanom kommunens ansvar etter Viltlovens § 48, må arbeidsoppgåver og økonomisk dekning avtalast særskilt. Dette kan f. eks. vera arbeidsoppgåver i forbindelse med søkarpliktig vilt/freda vilt, store rovdyr, bortjaging av ikkje- påkøyrt vilt innanfor viltgjerdene, skadde grevlingar, husdyr og kjæledyr, m.m.

8. Oppseiing

Ved misleghald kan begge parter seie opp avtalen med verking straks. Oppdragsgjevar kan og sei opp avtalen med kortare verkingstid enn 3 månader dersom endringar av lover/forskrifter gjer dette naudsynt.

Avtalen er utstedt i 2 -to- eksemplar. Kommunen og oppdragstakar beheld eit kvar.

Sted og dato

Felles landbrukskontor for
Austrheim, Fedje og Radøy

Oppdragstaker

Det vises til: Viltloven av 1981, Dyreverloven av 1974, Viltkjøttforskriftene av 1996 (2. feb. 1996 nr 133 med endring). Som veiledning for gjennomføringen av oppgavene vises til:

- Rundskriv 3/90, Forvaltning av hjortevilt, kap. IX, side 12-13 og kap. 2.9, side 47 –55
- Rundskriv 2/99, Kommunal viltforvaltning, kap. 3
- Avtale av 17.01.2000 om vilt påkjørt av tog
- Rundskriv 1/2000, Ettersøkshund, med tilhørende brev av 01.08.96 og 27.06.00

Rundskriv 3/92, Retningslinjer for viltmyndighetenes disponering av fallvilt som er viltfondets eiendom, brev til fylkesmennene fra DN av 19.06.96, brev til Vegdirektoratet fra DN av 10.02.98.